## Vedlegg 6: Fordeling av tilskot til levande byer og stader i Vestland

| Kommune | Tittel og føremål med søknad | Tildelt beløp |
|---|---|---|
| Søknadsfrist 15. mai 2020 | | |
| Stord | **Mellombels møteplass ved Torget i Leirvik sentrum**<br>Det skal leggast til rette for sosial kontakt og trivsel for alle aldersgrupper. Utprøving av mellombelse møteplassar er tenkt som metode for å få engasjement, kunnskap og erfaring før endeleg utforming av møteplassar vert bestemt. Plassen skal vere universelt utforma. | kr 140 000 |
| Ullensvang | **Aktivitetspark på Odda smelteverk, fase 1**<br>Den kommunale parken på gamle smelteverkstomta står tom, medan andre reguleringsplanar for smelteverkstomta nærmer seg ferdigstilling. Gunstig plassering nær framtidig busstasjon. Vil med smelteverkstomta skape grøne forløp og rom i byen, og etablere urban aktivitetspark særleg retta mot ungdom. Vil gjennomføre ein god medverknadsprosess med ulike brukar-grupper for å få fram eit rikt idétilfang av aktivitetar, installasjonar og rammer. | kr 400 000 |
| Alver | **Pilot for utvikling av berekraftige, attraktive og levande senter i Alver: Om senterstruktur - analysegrunnlag, kunnskapsgrunnlag, strategi, moglegheitsstudie Frekhaug, Knarvik og Alversund**<br>Prosjektet skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for å utvikle ein berekraftig region-, nær- og lokalsenterpolitikk i Alver kommune (...), som vil styrkje stadutviklingsprosessane gjennom samarbeid og brei involvering, og innovative prosessar. | kr 400 000 |
| Sunnfjord | **Attraktive byrom i eit levande Førde sentrum: Byromsutforming, verkstad med facilitering, happenings og sosiokulturell analyse**<br>Utfordring: Byrom vert ikkje tekne i bruk. Kommunen vil sette søkelys på kva som kan vere hindringar i kultur, utforming m.m og gjennom medverknad/involvering oppnå større samskaping. Målet er synleggjering av byrom og at fleire skal velje å bu og opphalde seg i Førde sentrum. | kr 370 000 |
| Stad | **Med hjarte for Eidsgata**<br>Identiteten til og aktiviteten i Nordfjordeid sentrum har sidan framveksten av strandsitjar-staden vore knytt til Eidsgata. Eidsgata har vore ei felles gate å bu, besøke og drive næring i. Nordfjordeid som handelssenter har endra seg mykje på kort tid, med framvekst av nye handelsområde med moderne fasilitetar og butikkjedar. Endring gir utfordringar, men også moglegheiter. Vi ynskjer å setje i gang eit prosjekt der vi ser på bruken av Eidsgata med nye auge og forhindre gatedød og skape gateglød. | kr 165 000 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergen | Laksevågneset - Medvirkningsprogram og parallelloppdrag for områdeplan<br>Skal tilretteleggje for langsiktig transformasjon frå dagens industri til levande bydelssentrum. Vil gjennomføre eit utvida medverknadsprogram og eit parallelloppdrag. | kr | 400 000 |
| Kvam | Maritim vitenpark ved Hardanger fartøyvernsenter i Norheimsund<br>Transformasjon frå dagens industri til levande bydelssentrum i enden av strandpromenaden. Denne skal gje oppleving og kunnskap om maritim kultur i dag og historisk sett, vere universelt utforma med interaktive, spanande installasjonar og stimulere til motorisk utfordring. Møteplassen er open for alle, og skal gje eit meir levande og attraktivt sentrum. | kr | 400 000 |
| Søknadsfrist 15. september 2020 | | | |
| Vik | Torgtransformasjon i Vik sentrum (avventar politisk vedtak)<br>Realisering av allereie planlagt torg med fokus på folk. Hovudmålet er å styrke identiteten til sentrumsgata i Vik ved å gripe fatt i det potensialet som alt ligg i eksisterande bygnings-struktur. Torgplassen er der, men fungerer som ein parkeringsplass. Prosjektet vil gi torg-plassen ein ny karakter og transformere området til ein offentleg møteplass for menneske.<br>(Dette prosjektet er over grensa for administrativ avgjerdsle, og skal tildelinga er til politisk handsaming i FUV 26.11.2020. Tildelinga på kr 775.000 er her vår administrative tilråding. Vi avventar i skrivande stund vedtak.) | kr | 775 000 |
| Øygarden | Senter og handelsanalyse i Øygarden kommune<br>Kunnskapsgrunnlag for arbeid med kommuneplanens samfunnsdel. Dette vil gi eit godt grunnlag for viktige diskusjonar om å oppnå berekraftmåla; korleis utvikle kommunen sine ulike senter; kva er attraktive senter innanfor dei ulike hierarkiske nivåa; kva er riktig plassering av ulike handels- og tenestetilbod; kvar skal ein satsa på vekst i kommunen? | kr | 100 000 |
| Bjørnafjorden | Elvepromenade i Osøyro<br>Kommunen vil skape ein elvepromenade langs Oselvo som vil gi ein strømlinjeforma rørsle-struktur for innbyggjarar og tilreisande. Overordna er målet å skape liv og utvikling i kommune-senteret og regionsenteret Osøyro. Satsingen heng tett saman med tidligere prosjekter i regi av kommunen, blant annet nytt bygulv, baldakiner og bølgedempere i havnen. Etablering av elvepromenade vil på ein fin måte bygge saman hamna og sentrum. | kr | 400 000 |
| Stad | Vidare utvikling av Leikanger sentrum, Stad kommune<br>Kommunen ynskjer å arbeide på tvers av einingane for å utvikle Leikanger til ein attraktiv stad å bu, arbeide og besøke. Dei vil utarbeide detaljert plan for fysisk opprusting av sentrum og kople denne til gjennomføring av VA-plan. | kr | 250 000 |